

PLAN 1263-201801

E39 Mundalsberget bomstasjon gnr/bnr 193/1-5, 194/1-5 og 194/44

REGULERINGSFØRESEGNER FOR PLAN 1263-201801

E39 Mundalsberget bomstasjon, gnr/bnr 193/1-5, 194/1-5 og 194/44

Jf. Plan- og bygningslova (pbl) § 12-7

Nasjonal arealplan-ID: 1263-201801

Datert:07.03.2018

Revisjonsdato:

Kommunestyrets vedtak:

§1

Planens grenser og reguleringsformål

Planens avgrensning er vist i plankartet, datert 07.03.2018. Arealet i planområdet skal brukast til følgende reguleringsformål:

1.1 Samferdsle og infrastruktur (pbl § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg (SKV)
- Annan veggrunn grøntareal (SVG)

1.2 Omsynssoner (§12-6)

- Raud støysone (H210)
- Høgspenningsanlegg inkl. høgspenkablar (H370)

§2

Fellesføresegner (pbl 12-7)

2.1 Eigartilhøve

Planen tar stilling til følgende eigartilhøve:

Offentleg areal

- Køyreveg (o_SKV)
- Annan veggrunn grøntareal (o_SVG)

2.2 Landskap og tilpassing til terreng

Terrenginngrep i samband med veganlegget skal skje mest mogleg skånsamt. Eksisterande vegetasjon skal takast vare på i størst mogleg utstrekning.

§3
Rekkfølgekrav
(pbl §12-7 nr. 10)

Terrenghandsaming av område avsett til annan veggrunn skal ferdigstillast samstundes med resten av anlegget vert ferdigstilt.

§4
Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur
(pbl §12-5 nr. 2)

4.1 Køyreveg (SKV)

Rekkverk og andre tekniske installasjonar/trafikkreguleringar vegholdar finn naudsynt, kan førast opp innanfor formålet.

4.2 Annan veggrunn (SVG)

Innanfor området tillatast etablering av naudsynte skjeringar, fyllingar, murar, kulvertar, rør, bomstasjon og tilkomst til bomstasjon, samt andre naudsynte tekniske installasjonar. Innanfor formålet kan arealet nyttast som riggområde og mellombels deponi i anleggsfasen. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad ivaretakast.

§5
Omsynssoner

5.1 Støysone (H210)

Til ein kvar tid gjeldande retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging skal nyttast. Dette gjeld også for anleggsfasen.

5.2 Høgspenningsanlegg inkl. høgspenkablar (H370)

Det tillatast ikkje oppføring av bygningar for varig opphald eller tilrettelegging av areal for uteopphald innanfor området.